Russiske imperium

«Den store feilen til politikken vår gjennom mange tiår har vore at vi framleis ikkje har innsett at sidan Peter den store og Katarina den store finst det ikkje noko Russland. Det som finst, er Det russiske imperiet.»

Sergej Witte (1849–1915), russisk statstenestemann

Kåre Johan Mjør

RUSSISKE IMPERIUM

CAPPELEN DAMM
AKADEMISK

© CAPPELEN DAMM AS, Oslo, 2021

ISBN 978-82-02-72364-4
1. utgave, 1. versjon 2021
E-utgaven baserer seg på 1. trykte utgave 2017, Cappelen Damm Akademisk

Materialet i denne publikasjonen er omfattet av åndsverklovens bestemmelser. Uten særskilt avtale med forlaget er enhver eksemplarfremstilling og tilgjengeliggjøring bare tillatt i den utstrekning det er hjemlet i lov eller tillatt gjennom avtale med Kopinor, interesseorgan for rettighetshavere til åndsverk.

Omslagsdesign: Kristin Berg Johnsen
Sats: Bøk Oslo AS
Kildekreditering, bilder: s. 10, 44, 114: Wikimedia.org.; s. 20, 54, 62, 76, 108: Getty Images.; s. 32: Wikimedia.org.; s. 44: Wikimedia.org.; s. 84: Granger Historical Picture Archive/ Alamy Stock Photo.; s. 96: Maleri av Ants Lepson/Foto: KUBEN.; s. 142: Catherine Anne Roperto/Alamy Stock Photo.
Alle kart og illustrasjon s. 41: Borghild Marie Fallberg
Elektronisk tilrettelegging: Bøk Oslo AS

Boken er gitt ut med støtte fra Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening

www.cda.no
akademisk@cappelendamm.no

Cappelen Damm AS er sertifisert iht. FSC®, PEFC og Miljøfyrtårn.



Innhald

Føreord 11

1 Russiske imperium 13

2 Eit ortodokst imperium (1550–1700) 29
Moskovittiske ideologiar 29
Tsarar og tatarar 30
Moskva og Bysants 33
Imperiets fortid 35
Det tredje Roma? 37
Tsarens territorium 38
Kazan 40
Det ortodokse landet i aust 41
Eit korstog mot islam 43
Prinsipp og pragmatisme 45
Steppa 47
Nye grenseland, nye folk 48
Politisk praksis på steppa 49
Sibir 51
Pels 51
«Dei små folka i nord» 53
Tributtbetalarane 55
Grenselandet 57
Kosakkane ved Dnepr 58
Vesle-Russland eller Ukraina? 60
Ortodoks brorskap 62

3 Eit europeisk imperium (1700–1850) 67
Vindauge mot vest 67
Stat og fedreland 68
Reformer og ekspansjon 70
Europeiske idear på russisk grunn 71
Absolutisme i praksis 74
Og vindauge mot aust 76
Europa og Asia 77

Orenburg mellom basjkirar og kasakhar 79
Toleranseprinsippet 81
Det opphøgde imperiet 84
Ei europeisk makt 85
Russland som utopi 87
Det nye Russland 89
Det store nybyggjarprosjektet 89
Krim som europeisk sivilisasjon 90
Det greske prosjektet 92
Krim som Orienten 94
Dei vestlege provinsane 95
Delingane av Polen 96
Kviterussland og Litauen 99
Det jødiske landet 101
Napoleonstida 104
Storfyrstedømet Finland 104
Kongedømet Polen 106
Bessarabia 108
Kaukasus 109
Georgia 110
Muslimar og armenarar 112
Det komplekse Sør-Kaukasus 113
«Fjellfolka» 115
Krig og emigrasjon 116
Den nye Orienten 118
Det heterogene imperiet 120
Eit ekspansivt sentrum 121
Dei framande 123

4 Eit nasjonalt imperium (1850–1917) 127
Russland som nasjon 128
Eit foreint og einskapleg Russland 129
Russiske nasjonalismar 131
Russifiseringsideen 133
1863: Polsk oppstand og russisk reaksjon 135
Det polske spørsmålet 136
Det ukrainske spørsmålet 138
Avpolonisering i nord 141
Russisk katolisisme 143
Blei imperiet russifisert? 145
Den selektive integreringa av jødane 146
Det jødiske spørsmålet 147

Antisemittisme og pogromar ... 149
Jødane i imperiet ... 151
Russisk land ved Austersjøen? ... 152
Eit russisk Baltikum ... 153
Russifiseringa av Finland ... 156
Russifisering i aust? ... 157
Ilminskij-systemet ... 158
Jadid ... 161
Frå Amur til Tasjkent ... 163
Det fjerne austen ... 164
Orientalisme på russisk ... 166
Erobringa av Sentral-Asia ... 169
Europearar i Asia ... 171
Mandsjuria og krigen mot Japan ... 174
Revolusjonar og krig ... 175
1905 i imperiet ... 176
Nasjonal demokratisering ... 178
Utfordringa frå periferiane ... 180
Den første verdskrigen ... 182
Reaksjonar på revolusjonen ... 184
Borgarkrig eller kolonikrig? ... 185
Finland ... 186
Baltikum og Kviterussland ... 186
Ukraina ... 187
Kaukasus ... 188
Sentral-Asia ... 189
Sosialisme, nasjonalisme, imperialisme, antiimperialisme ... 190

5 Eit sovjetisk imperium (1922–1991) ... 193
Eit imperium av nasjonar ... 194
Positiv diskriminering ... 194
Lenin og retten til nasjonal sjølvbestemming ... 196
Stalin og det nasjonale spørsmålet ... 198
Første forsøk med nasjonal autonomi ... 200
Nye sovjetnasjonar ... 203
Etnografi og økonomi ... 204
Grensegang i Sentral-Asia ... 207
«Tilbakeståande nasjonar» ... 210
Nasjonale kommunistar og nye dilemma ... 211
Dei sovjetiske jødane ... 214
Korenizatsija: Nasjonale språk og nasjonale elitar ... 215
Nye språk og språkreformer ... 215

Språk i Ukraina 217
Lokale elitar i aust 219
Nasjonalitet og opphav 219
Etnisk terror 221
Kollektivisering og Holodomor 222
Ny nasjonalitetspolitikk? 224
Deportasjonar av nasjonar 225
Nasjonalitetspolitikkens paradoks 227
Folkevenskap 229
Tilbake til historia 229
Det minste vondet 231
Dei første mellom likemenn 233
Andre verdskrigen: deportasjon, utrydding, ny ekspansjon 236
Sovjetunionen og Aust-Europa, 1939–1941 236
Sovjetunionen under tysk okkupasjon 238
Deportasjonar og kollektiv skuld 240
Nye grenser, nye republikkar 244
Den nye antisemittismen 245
Sovjetimperiet etter Stalin 247
Krim og Kasakhstan 247
Det sovjetiske folket 248
Den sovjetiske mobiliteten 250
Stagnasjon og nasjonal konsolidering 251
Nasjonal aktivisme 252
Det sovjetiske Russland 255
Russisk heimstaddikting 256
Kampen for minnesmerka 258
Kampen mot vesten i sovjetisk åndsliv 259
Lev Gumiljov 261
Ideologiar for imperiet 263
Imperiet raknar 265

6 Eit postsovjetisk imperium (1993–2016) 269
Det multinasjonale folket og arven frå imperiet 269
Den russiske føderasjonen 271
Dei russiske republikkane 273
Tsjetsjenia 274
Russland – ein einskapsstat? 277
Den ekspansive føderasjonen 279
Imperium eller nasjon? 281
Den russiske ideen 281
Gennadij Ziuganov 284

Aleksandr Dugin 285
Aleksandr Panarin 287
Vadim Tsymburskij 288
Rodina 290
Aleksej Navalnyj og den nye russiske nasjonalismen 292
Retten til sjølvbestemming 294
Stat og sivilisasjon 295
Ein suveren stat 296
Ein sivilisasjon bygd av folket 297
Den russiske sivilisasjonsnasjonalismen 299
Russarar og dei andre 302
Migrasjon innanfrå og utanfrå 303
Eurasia eller Den russiske verda? 306
Mot ein eurasisk union 306
«Landsmenn» i utlandet 309
Frå språk til politikk 310
Den ortodokse kyrkja 312
Mjuk og hard makt 314

7 Kreml 18. mars 2014 317

Litteraturliste 325

Tabellar 345

Stikkordregister 349

Føreord

Denne boka handlar om russiske imperium. Det inneber at ho omtaler ei rekkje stader som ligg utanfor eit russisk kjerneområde, men som likevel er best kjende gjennom sine russiske eller russifiserte namneformer. Sjølv om forfattaren har hatt eit prinsipielt ønske om å nytta lokale, ikkje-russiske former, må dette ønsket balanserast mot det faktum at dei russiske namna ofte vil kommunisera betre med lesaren. Dei aktuelle stadene kan også ha vore russiskdominerte på dei tidspunkta dei blir omtalte, eller i alle fall vore heimstaden til ulike folkegrupper som hadde ulike namn på dei. Boka er såleis ikkje konsekvent når det gjeld namneformer. Særleg tydeleg vil dette vera i samband med Ukraina. Eg har nytta fleire ukrainske former som i seinare tid har vunne innpass i norsk (Kharkiv, Lviv og endå meir nyleg Luhansk og Donbas), medan tradisjonelle russiske former som «Kiev» og «Odessa» er framleis vanlegare enn «Kyiv» og «Odesa». Dei er difor føretrekte også her. Eg nyttar dessutan eit elvenamn som Dnepr og ikkje Dnipro. Sistnemnde form er nyleg også blitt eit nytt, avsovjetifisert namn på byen som tidlegare heitte Dnepropetrovsk. Leonid Brezjnev og sovjetiske partitoppar høyrde likevel til Dnepropetrovsk-klanen, ikkje Dnipro-klanen. Med andre ord, valet av namneformer vil også vera kontekstuelt. Kviterussiske bynamn som «Mahiljou», «Mensk» og «Vitsebsk» vil vera framande for norske lesarar og er difor ikkje nytta.

Slike dilemma gjeld også personnamn. Ukrainarar opptrer som oftast med ukrainske namn, men det er ikkje alltid så lett å avgjera kva nasjonalitet ein person «eigentleg» har. Eg har generelt følgt Språkrådet (www.sprakradet.no) sine reglar for transkripsjon og ordlister for språk og folkegrupper, og har i tillegg støtta meg på Store norske leksikon (snl.no) der det har vore naudsynt (som rett nok ikkje alltid følgjer Språkrådet). I samsvar med norske normer nyttar eg den russifiserte forma «kasakh» i staden for det meir logiske og kasakhiske «kasak». «Russarar» viser i regelen til etniske russarar, medan adjektivet «russisk» kan visa både til det som gjeld etniske russarar og til det som gjeld russiske imperium. «Russiske styresmakter» er såleis ikkje nødvendigvis etniske russarar.

«Russland» er i dag eit namn som er sidestilt med «Den russiske føderasjonen». For tida før 1992 har dette utbreidde namnet ein vagare referanse. Det kan visa til (ei førestelling om) eit russisk kjerneområde eller ein russisk nasjon innanfor ei større eining, det vera seg Sovjetunionen, Den russiske sosialistiske føderative sovjetrepublikken eller Det russiske imperiet. Sidan

1700-talet har det også vore eit vanleg namn på den russiske staten. Stundom nyttar eg det også som ein samleterm for ulike russiske imperium, særleg i Innleiinga. Eg kan leggja til at «Karelen» er eit geografisk område i Finland og Russland, medan «Karelia» var/er ein republikk i Sovjetunionen/Den russiske føderasjonen. «Kaukasus» viser både til ei fjellkjede og til eit større geografisk område nord og sør for denne fjellkjeda; andre kallar dette området for «Kaukasia». Elles håpar eg andre tilsvarande tvitydige namn vil bli klare av samanhengen dei står i. Der anna ikkje er sagt, er alle omsetjingar mine eigne.

***

Dette bokprosjektet har kome i stand takk vere rause løyvingar frå Fritt Ord og Norsk Faglitterær Forfattarforeining. Eg vil særleg få takka dei som har lese og kommentert heile eller delar av manuset, kome med nyttige innspel og retta opp feil: Pål Kolstø, Martin Paulsen, Ingunn Lunde, Bernhard Mohr, Ingunn Hansejordet og forlagsredaktør Knut Vegard Bergem i Cappelen Damm. I tillegg har eg lært mykje om imperiet av gode kollegaer i Uppsala og Helsingfors: Susanna Rabow-Edling, Mikhail Suslov, Igor Torbakov og Sanna Turoma. Resultatet står i gjeld til alle saman, men eg er sjølv eine og åleine ansvarleg for innhaldet.

Boka er tileigna Ingeborg Mjør (1962–2014) – søster, ven og forskarkollega.

Stord/Uppsala, mars 2017
Kåre Johan Mjør

Innleiing

Russiske imperium

I bøkene til den kviterussiske nobelprisvinnaren av 2015, Svetlana Aleksijevitsj, møter vi den sovjetiske livsverda. Ei av dei mange røystene frå denne verda, Margarita Pogrebitskaja (lege, 57 år), veks opp i Moskva og minnest maidagane på Den raude plassen i barndommen sin. Ho skildrar situasjonen då ho var ferdig med utdanninga og skulle få seg jobb, på følgjande vis:

> Da vi hadde avlagt eksamen i medisin, ble vi tildelt arbeid i Minsk. Alle mine venninner reiste i hver sin retning: En til Moldavia, en annen til Ukraina, noen dro til Irkutsk, dem kalte vi for «dekabrister». Det var ett og samme land – du kunne dra dit du ville! Det fantes ingen grenser, ingen visa eller tollstasjoner. Mannen min ville til hjemtrakten sin. Til Armenia. «Vi drar til Sevan, så får du se Ararat. Og smake ekte armensk lavasj-brød», lovet han. Men tilbudet fra myndighetene var Minsk. Og vi straks: «Kom, så drar vi til Hviterussland!» «Ja, det gjør vi!»

Litt seinare fortel Margarita om feriereisene deira:

> I vår gamle Zjiguli reiste vi rundt i hele Sovjetunionen: Jeg har sett Karelen … Sevansjøen … og Pamirfjellene. Alt dette er mitt fedreland. Mitt fedreland Sovjetunionen. Det er mye jeg kan greie meg uten. Det eneste jeg ikke kan unnvære, er det som var.[1]

For Margarita er det Sovjetunionen som er heimlandet. Aleksijevitsj presenterer oss her for ei konkret oppleving av det ein elles ofte berre møter som ein abstrakt påstand i diskusjonar om den «russiske identiteten» – at

1 Svetlana Aleksijevitsj, *Slutten for det røde mennesket: Tiden Second Hand*, oms. Dagfinn Foldøy (Oslo, 2015), 112, 123.

denne identiteten under sovjetperioden (og kanskje før, og kanskje etter) sjeldan var knytt til eit territorialt avgrensa Russland inni Sovjetunionen, men derimot til Sovjetunionen som heilskap. Dette til skilnad frå dei andre sovjetiske nasjonalitetane: For ukrainarar var heimlandet Ukraina (eller Den ukrainske sovjetrepublikken), for armenarar Armenia, for tatarar Tatarstan. Russarar, som i sovjetperioden var meir geografisk mobile enn dei fleste andre nasjonalitetar, identifiserte seg derimot med noko større enn ein nasjon – dei identifiserte seg med imperiet. «Adressa mi er ikkje ei gate og eit hus, adressa mi er Sovjetunionen», heiter det i ein populær song frå 1970-talet.

«Storbritannia hadde eit imperium, men Russland var eit imperium og er det kan henda framleis.»[2] Denne utsegna av den britiske russlandshistorikaren Geoffrey Hosking frå 1995 dukkar ofte opp når Det russiske imperiet skal diskuterast. Poenget hans er i utgangspunktet følgjande: Om vi held Irland og Skottland utanfor, var Det britiske imperiets koloniar på den andre sida av havet og dermed tydeleg skilde frå sentrumet – England. Det same gjeld for andre vesteuropeiske sjøbaserte imperium, som Spania, Portugal, Frankrike og Nederland. Russland, til liks med Det osmanske imperiet og Habsburg-imperiet, var derimot kontinentale imperium. Erobra landområde hang saman med sentrumet – desse imperia var *contiguous*, som det gjerne heiter i den engelskspråklege litteraturen. For Russland hadde dette særlege konsekvensar. Medan dei andre kontinentale imperia etter den første verdskrigen blei erstatta av nasjonalstatar, tok den russiske historia ei anna vending. Det oppstod eit nytt, antiimperialistisk imperium i form av Sovjetunionen – ein stat som hevda å ha som mål å frigjera undertrykte nasjonar innanfor rammene av ein ny, overnasjonal stat. Og den nye strukturen av nasjonar som sovjetstyresmaktene skapte, eksisterer framleis i det postsovjetiske området, både innanfor og utanfor Den russiske føderasjonen. Russland er, med Hosking, «kan henda» eit imperium «framleis».

I Russland som eit landbasert imperium har skiljet mellom sentrum og periferi, eller metropol og koloni, vore vanskeleg å trekkja eintydig. På slutten av 1800-talet var det opplagt for dei fleste at Sentral-Asia var ein russisk, bomullsproduserande koloni, men kva med Volga-bassenget og Sibir, som også var område Russland hadde erobra lenger tilbake i tid? Og kva med det austslaviske Ukraina, ei anna av imperiet sine erobringar, som på denne tida gjekk under namnet «Vesle-Russland»? Også i dag er det omstridd kvar eit historisk Russland eigentleg sluttar.[3] Mange russarar føresteller seg eit Russland som er større enn det som ligg innanfor Den russiske føderasjonen. Kvifor er det slik? Kvifor er arven frå imperiet så

2 Geoffrey Hosking, «The Freudian Frontier», *Times Literary Supplement* 10.03.95, 27.
3 Stephen Howe, «From Manchester to Moscow», *Ab Imperio* 1, 2011, 76.

vanskeleg for Russland å leggja bak seg? Er det noko Russland kan eller vil leggja bak seg? Denne boka gjer greie for den historiske bakgrunnen for desse spørsmåla, og drøftar i kva grad Russland framleis er å rekna som eit imperium. Boka undersøkjer med andre ord ulike måtar Russland har vore imperium på sidan midten av 1500-talet. Dette er ei framstilling av russiske imperium i fleirtal.

«Eg kan ikkje førestella meg Russland utan Volga», sa den sovjetiske forfattaren Konstantin Paustovskij – trass i at mykje av Volga-området nettopp er imperiale erobringar. Utstrekt migrasjon og kolonisering over fleire hundre år er ein viktig faktor som har bidrege til at også den russiske kjernen i imperiet har vore ein flytande storleik, men det er ikkje den einaste. Sjølv utan område som er offisielt definerte som andre nasjonar – republikkane i dagens russiske føderasjon er ein illustrasjon her – vil Russland for mange framstå som fragmentert. Russland er tilsynelatande avhengig av erobringane sine for å i det heile teke finnast. Det dette først og fremst vitnar om, er at i motsetnad til andre imperium har ikkje Russland vore ein nasjon som har herska over andre nasjonar utanfor eigne, klart definerte grenser. Snarare har Russland slik vi kjenner det i dag, oppstått gjennom den gradvise innlemminga av andre, der det er denne prosessen – frå valdeleg konflikt til fredfylt samarbeid – som har skapt dei russiske imperia og dermed Russland.[4] Ein ytterlegare konsekvens av dette er at heller ikkje sentrumet eller metropolen er reint russisk i nokon nasjonal eller etnisk forstand – dei styrande har aktivt inkorporert framande elitar og til tider vore like multietniske som imperiet sjølv.

I dag assosierer mange imperium med ekspansjon, erobring og undertrykking av andre nasjonar. Imperium, kort sagt, driv med *imperialisme*. Imperialisme var eit omgrep som kom i bruk på 1800-talet, og ofte som ei skulding ulike europeiske imperium nytta om kvarandre eller til intern kritikk. Å vera imperialist var ikkje bra – heller ikkje den gongen, i «imperiets tidsalder».[5] Er så Russland framleis «imperialistisk»? Hendingar i den seinare tida kan tyda på at det er tilfellet. Under presidentperiodane til Vladimir Putin har det vore eit eksplisitt mål å styrka russisk innverknad særleg i det postsovjetiske området. I utgangspunktet har dette vore noko Russland har vilja oppnå med «mjuk makt» (*soft power*), men dei har også kome til å nytta «hard makt», som i den væpna konflikten med Georgia om Sør-Ossetia i 2008 og då Russland våren 2014 annekterte Krimhalvøya frå Ukraina. Landet har også på fleire måtar vore involvert i krigen i Aust-Ukraina.

---

4 Jf. Frederick Cooper, *Colonialism in Question: Theory, Knowledge, History* (Berkeley, 2005), 11.

5 Om «imperialisme», sjå Rudolf Walther, Dieter Groh & Jörg Fisch, *Imperium. Imperialisme*, oms. Helge Jordheim (Oslo, 2008).

Hendingane i 2014 stadfesta for mange at, jo – Russland er framleis ei imperialistisk stormakt, og har jamvel eit ønske om å vera det. Dette gjer landet utidsmessig. Å erobra eller «annektera» landområde frå andre statar er ikkje berre noko som høyrer fortida til; det er illegitimt og eit brot på folkeretten. Når folk i Vesten har karakterisert dagens Russland som imperialistisk, er det ei skulding og eit skjellsord.[6] Også russiske kritikarar drog imperialismekortet. Andrej Zubov samanlikna annekteringa med Hitlers *Anschluss* av Austerrike og mista jobben ved Moskvas statlege institutt for internasjonale relasjonar (MGIMO). Ein annan beisk kritikk kom frå forfattaren Vladimir Sorokin, som skreiv at Putin over tid hadde bygd ei tidsmaskin som no var klar til å fly tilbake til «Det sovjetiske imperiums forgangne storhet» og jamvel endå lenger, til glede for «pensjonistene», «postsovjetiske neoimperialister» med fleire:

> «Russland har alltid vært, er og blir et imperium!» skriker nå unge forfattere og karrierepolitikere. Men et imperium trenger militære seire, nye landområder som erobres fra fienden. Og så kom den, seieren: «Krim er vårt!» Tv-apparatene ble overopphetet av seiershylene, det begynner å riste i tidsmaskinen.[7]

Annekteringa av Krim var i dette perspektivet det første alvorlege steget mot den dystopien Sorokin skildra i romanen *En opritsjniks dag* frå 2006, som handlar om eit framtidig russo-kinesisk imperium isolert frå Vesten.[8] På det tidspunktet Sorokin skreiv teksten om Putins tidsmaskin, frykta (eller håpa) mange at Russland ville følgja opp Krim-annekteringa og halda fram med å ta «tilbake» Aust-Ukraina, eller «Ny-Russland», eit omgrep frå imperietida som brått blei populært i den russiske ålmenta. Russland har likevel ikkje gått til dette steget, sjølv om landet spelar ei sentral rolle i kulissane. Det nøyer seg førebels med å destabilisera Ukraina. Tidsmaskina har bremsa litt att, og framtida for Donbas-området i Aust-Ukraina er uavklart.

Ein som djupt og inderleg håpa at Krim ville bli innleiinga på ny russisk ekspansjon og skapinga av eit nytt russisk imperium, var forfattaren og neoimperialisten Aleksandr Prokhanov. At Krim på nytt var på russiske hender, var for han «eit mirakel». Og seremonien i Kreml 18. mars, der Krim formelt blei annektert og Putin heldt ein lang tale om Krim som «russisk land», samanlikna Prokhanov med ei «påskegudsteneste». Som

---

6 Sjå til dømes Paul Goble, «Russian Imperialism: Only a Bare Majority of Russians Wants Russia to Stay Within its Current Borders», *Euromaidan Press* 24.03.2015.

7 Vladimir Sorokin, «Det ryker av Putins tidsmaskin», oms. Dagfinn Foldøy, *Morgenbladet* 06.03.2014.

8 Vladimir Sorokin, *En opritsjniks dag: Roman*, oms. Hege Susanne Bergan (Oslo, 2010). Ein seinare Sorokin-roman, *Telluria* (oms. Dagfinn Foldøy, Oslo, 2016), fortel derimot om eit framtidig fragmentert Russland.

tv-overføringa viste, var Prokhanov sjølv til stades. Og draumane hans var no i ferd med å gå i oppfylling: I romanen *Det femte imperiet* (2007) og ei rekkje andre tekstar hadde han tidlegare lagt fram ein visjon om fem suksessive russiske imperium i historia: Det gamle Kiev, tsardømet Moskva, Det russiske imperiet, Sovjetunionen og eit nytt femte imperium, som no var i ferd med å bli fødd, utan at folk hadde lagt merke til det. Unionen mellom Russland og Kviterussland (1997) og krigen mot Georgia (2008) blei for Prokhanov eit prov på at fødselen var i gang, og annekteringa av Krim blei sjølvsagt ei endå tydelegare stadfesting av at Russland er og blir eit imperium som vil halda fram med å ekspandera. For Prokhanov er «imperiet» eit grunntrekk ved russisk sjølvmedvit: Russland kan ikkje eksistera som anna enn eit imperium.

Ein annan forfattar med eit liknande ideologisk prosjekt er Mikhail Jurjev, som i 2007 gav ut den utopiske framstillinga *Det tredje imperiet: Russland slik det bør vera*. Dei to føregåande imperia var Det russiske imperiet fram til 1917 og Sovjetunionen, og i 2053, der handlinga i romanen går føre seg, har det tredje imperiet no ekspandert kraftig samanlikna med dagens Russland og er eitt av fem imperium i verda. I ein litt meir nøktern sakprosatekst har Jurjev definert imperiet som «arrangementet av annekterte område i samsvar med eigne førestellingar om den rette måten å organisera livet på og om statleg orden». Nokre har elles peika på at det var eit påfallande samanfall mellom historia til Jurjev, der det nye imperiet byrja med «samlinga av dei russiske landa» (Krim, Aust-Ukraina), og det som blei realiteten i 2014, og at boka hadde vore populær lesnad i presidentadministrasjonen og hos presidenten sjølv. Også forfattaren Pavel Krusanov har i fiksjon og sakprosa formulert tanken om at Russland berre kan overleva som eit imperium: «Det er anten eit imperium eller ingenting».[9]

For både kritikarar og tilhengarar er altså «imperium» ein grunnleggjande kategori om ein skal forstå Russland. Dette er også synspunktet til denne boka. Det kan likevel verka problematisk å ha eit perspektiv på Russland som tilsynelatande er samanfallande med det vi særleg finn hos dagens neoimperialistar – er ikkje ei bok som dette berre med på å stadfesta verdsbildet deira? Handlar ikkje også denne boka om i alle fall fire av dei

9 Mikhail Jurjev, «Estestvennym dlja russkikh variantom gosudarstvennogo ustrojstva javljajetsja smes ideokratii i imperskogo paternalizma», i Igor Kljamkin (red.), *Russkoje gosudarstvo: Vtsjera, segodnja, zavtra* (Moskva, 2007); Olga Malinova, «Defining and Redefining Russianness: The Concept of 'Empire' in Public Discourses in Post-Soviet Russia», i Adrian Guelke (red.), *The Challenges of Ethno-Nationalism: Case Studies in Identity Politics* (New York, 2010); Per-Arne Bodin, «The Russian Language in Contemporary Conservative Dystopias», *Russian Review* 75, 2016; Ulrich Schmid, *Technologien der Seele: Von Verfertigen der Wahrheit in der russischen Gegenwartskultur* (Frankfurt am Main, 2015), 133, 154; Audun J. Mørch, «Pavel Krusanov: Den bevisste mytemakeren», *Vinduet* 1, 2016; Aleksandr Prokhanov, «Krymskaja Pobeda», *Izborskij klub* 4, 2014. Prokhanov er synleg mellom publikum litt under åtte minutt ut i overføringa av Putins tale i samband med annekteringa av Krim, jf. Vladimir Putin, «Obrasjtsjenije Prezidenta Rossijskoj Federatsii», 18.03.2014.

fem imperia til Prokhanov? Og «essensialiserer» ho ikkje dermed Russland som eit «evigvarande imperium», som ikkje kan eksistera på anna vis? Men å hevda at Russland har vore og på mange måtar framleis er eit imperium, og at det difor må analyserast som eit imperium, tyder ikkje eit forsvar for «imperialisme», som til dømes at Russland «har rett» til å nytta både mjuk og hard makt i eit «geopolitisk spel». Det inneber heller ikkje at dei unge postsovjetiske statane ikkje er i stand å vera sjølvstendige politiske subjekt, at hovudrolla deira er å vera russisk buffer mot Vesten, eller at dei automatisk blir underlagde vestleg ekspansjon dersom Russland ikkje lenger får vera ei stormakt i det postsovjetiske området. Alt dette er utbreidde haldningar i Russland, og vi møter dei tidvis òg mellom vestlege kommetatorar, særleg mellom dei som har vore kritiske til rolla EU og USA har spela i Ukraina-konflikten. Eit sentralt poeng i denne boka er derimot å syna at arven frå imperiet pregar dagens Russland på ulikt vis, ikkje berre ved at denne arven ser ut til å kontinuerleg skapa neoimperialistiske prosjekt, men også gjennom korleis Russland presenterer seg sjølv som multietnisk, korleis staten er organisert, og kva det kan tyda å «vera russar».

Det finst også andre problem knytte til det å gje ei framstilling av historia til Russland som primært ei historie om ulike imperium. Det blir lett til at ein ser russisk imperialisme overalt, og at russarar nærast per definisjon blir imperialistar. Å analysera Margarita Pogrebitskaja sine minne om Sovjetunionen som «imperialisme» gjev ikkje meining. Derimot er «imperiet» ein kontekst for refleksjonane hennar, slik dei kjem til uttrykk i boka til Aleksijevitsj – der vi også møter røyster frå dei ikkje-russiske sovjetiske nasjonane som tidvis lengtar tilbake til det «gamle heimlandet», særleg dei som sidan byrjinga av 1990-talet har opplevd etniske konfliktar i Abkhasia, Aserbajdsjan og Sentral-Asia. Så trass i at imperialisme er eit skjellsord og imperium ein politisk praksis, nyttar denne boka imperium som ein nøytral, analytisk kategori, utan negative konnotasjonar i utgangspunktet. Dette er primært ei bok om russiske imperium, ikkje russisk imperialisme, sjølv om imperialisme i tydinga ekspansjon og utbytting av andre sjølvsagt er ein viktig del av denne historia. Imperium er likevel ikkje synonymt med imperialisme, men har ei vidare tyding.

Imperium blir i denne boka forstått som store politiske einingar, det vil seia at dei dekkjer eit stort geografisk rom og har tradisjonelt vore ekspansive. Vidare består dei av ulike folkegrupper og område, og mellom desse finst det eit hierarki og ein asymmetri. Med andre ord finst det eit sentrum og ein periferi (eller metropol og koloni), der periferien har fått ein annan status enn sentrumet, oftast underordna. Imperiet er ein samansett storleik som styrer ulike område på ulike måtar. Imperiet skil seg såleis på grunnleggjande vis frå (ideen om) nasjonalstaten, der det i teorien skal vera likskap mellom alle borgarar av nasjonen, og der ingen område i utgangspunktet

skal ha noka form for særstatus. Nasjonalstaten siktar mot å skapa homogenitet; imperiet produserer skilnader. Fordi dei er samansette, inneheld imperium ofte store kulturelle skilnader, der ulike kulturar ikkje berre eksisterer innanfor same staten, men også møtest på fredeleg eller konfliktfylt vis, noko som resulterer i nye, hybride former. Eit anna viktig trekk ved imperium er at den underordna periferien blir styrt gjennom eit samarbeid mellom sentrum og lokale elitar som makt blir delegert til.[10]

Imperium har historisk sett vore ei «normal» styringsform, medan nasjonalstaten er ei relativt ny oppfinning. Imperium har gjennom historia heller ikkje berre vore det Vladimir Lenin kalla «nasjonane sitt fengsel», men også ei styringsform som mange stader har borga for større kulturelt mangfald enn det nasjonalstaten har. Som det nyleg blei peika på i norsk presse, var Habsburg-imperiet betre tilpassa det etniske mangfaldet i Sentral-Europa enn det dei etterfølgjande nasjonalstatane var, som førte til større undertrykking av dei som no blei minoritetar innanfor dei nye statane.[11] No var Habsburg-imperiet nokså unikt i si tid med tanke på minoritetsrettar, og ein skal vera varsam med å generalisera dette poenget. I Det russiske imperiet før 1917 blei nasjonalitetar undertrykte på ei rekkje område, men dei kunne også ha ulike former for vern. Og sidan det primære målet for tsaren var å halda imperiet saman, måtte ulike kulturar og tradisjonar få relativt fritt spelerom.

Ein alternativ definisjon av imperium handlar ikkje om storleik og mangfald, men snarare om at imperiet er eit uttrykk og ein bastion for ein universell idé, til dømes i form av å vera eit religiøst imperium (kristent, islamsk). Frå seinmiddelalderen blei tanken om at det fanst eitt imperium som markerte den menneskelege og siviliserte verda, utbreidd i Europa (Spania, Frankrike, England). Det kristne romerske imperiet var modellen.[12] Ein slik definisjon kan synast relevant i høve til Russland – frå seinmiddelalderens Moskva, som forstod seg sjølv som eit ortodokst imperium, til sovjetimperiet som staten for arbeidarklassen og frigjorde nasjonar. I dag blir det ofte hevda frå russisk hald at Russland representerer «tradisjonelle verdiar» som Vesten har kvitta seg med. I kva grad slike idear har vore viktige, vil bli drøfta i dei komande kapitla, men at russiske imperium gjennom historia har hevda å representera universelle idear, er ikkje det primære analytiske perspektivet her. Ein slik imperiedefinisjon vil i mindre grad fokusera på spenningane mellom sentrum og

10 Definisjonen byggjer særleg på Jane Burbank & Frederick Cooper, *Empires in World History: Power and the Politics of Difference* (Princeton, 2010), 8, samt Stephen Howe, *Empire: A Very Short Introduction* (Oxford, 2002), kap. 1.

11 Rolf Hobson, «Hva mistet vi med Habsburgriket?», *Morgenbladet*, 27.06.2014. Sjå òg Howe, *Empires*, 55.

12 Sjå Anthony Pagden, *Lords of all the World: Ideologies of Empire in Spain, Britain and France, c. 1500–1800* (New Haven & London, 1995).

periferi og snarare avgrensa analysen til hegemoniske ideologiar. Idear om eksklusivitet har dessutan ikkje vore einerådande i russisk idé- og imperiehistorie. Samstundes er ideologiar og identitetar hos *ulike* grupper eit sentralt tema i denne boka.

Imperium kan også definerast som absolutt, autokratisk styre. Det mest kjende uttrykket for dette var då Henrik 8. på 1530-talet proklamerte England som eit «imperium», noko som ville seia at han som herskar hadde absolutt makt, utan innblanding frå paven eller andre statar. Denne forståinga av imperium som nokså synonymt med kongedøme finn vi framleis i 1800-talets England, og som dei neste kapitla vil visa, finst det liknande tolkingar av tsardøme (*tsarstvo*) så vel som imperium (*imperija*) også i russisk historie. Men som det vil koma fram, er oppkomsten av desse termane også knytte til visjonen av Russland som ein samansett stat, eller eit imperium. Og samstundes som Russland har svake demokratiske tradisjonar og sentralmakta i periodar har vore dominerande, har russiske imperium ofte blitt styrte gjennom samarbeid med lokale elitar, ei avhengigheit som har skapt tilbakevendande spenningar mellom sentrum og periferi.[13]

Imperiet er såleis først og fremst eit sentrum og ein variert periferi, med ulike konstellasjonar som har oppstått i ulike situasjonar, der også sentrum blir forma og påverka av erobringa av stadig nye land. Eit viktig poeng i så måte er at Russland gjennom historia ikkje berre har erobra «tause», «uhistoriske» nasjonar, men også ei rekkje nasjonar som i mange tilfelle har hatt vel så utvikla eller «siviliserte» byråkratiske, teknologiske eller akademiske kulturar som imperiemetropolen, noko som har vore fordelaktig for Russland. Medan den politiske makta har sete i Moskva eller St. Petersburg, har stader som Kiev, Warszawa, Vilnius eller Dorpat (Tartu) i periodar vore viktigare som kanalar for kulturell påverknad. Karakteristisk for eit imperium er nettopp ein slik dynamikk mellom sentrum og periferi. Tilsvarande gjev historia om russiske imperium mange døme på korleis imperiet har som prosjekt å herska over ulike landområde og folk gjennom å ta høgde for skilnader snarare enn å freista å eliminera dei. Dette tyder ikkje at imperiet ikkje involverer undertrykking, det vera seg fysisk (valdeleg) eller psykologisk. Snarare består imperiet av hierarkiske, asymmetriske relasjonar, som alle er unike.[14]

Det er ikkje opplagt at Russland til ei kvar tid har vore eit imperium – Sovjetunionen legitimerte seg sjølv frå starten av som eit antiimperialistisk

13 Malinova, «Defining and Redefining Russianness», 63; Howe, *Empire*, 13; Mark R. Beissinger, «Rethinking Empire in the Wake of the Soviet Collapse», i Zoltan Barany & Robert Moser (red.), *Ethnic Politics after Communism* (Ithaca, 2005), 23.

14 Sanna Turoma & Maxim Waldstein (red.), *Empire De/Centered: New Spatial Histories of Russia and the Soviet Union* (Farnham, 2013), 12, 17–18; Maxim Waldstein, «Theorizing the Second World: Challenges and Prospects», *Ab Imperio* 1, 2010, 108.